

Årsmøteprotokoll

28.04.2015

Det vart halde årsmøte i "Foreininga for Landsbyhuset Breidablik" torsdag 28.04.2015 kl. 1900.
Møtet vart halde på Breidablik.

Sak 01/15 : Val av ordstyrar

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/15 : Godkjenning av innkalling

Det var ikkje merknadar til innkallinga. Årsmøtet godkjenner denne.

Sak 03/15 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Steinar Skoge vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/15 : Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet

Det var 5 stk. medlemar tilstades og desse representerte 5 røyster.

Sak 05/15 : Årsmelding og årsrekneskap 2014

- Årsmeldinga for 2014 vart lagt fram av styret og opplest av ordstyraren.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende årsmeldinga for 2014.


- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2014 vart gjennomgått og opplest.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende resultatrekneskap og balanse for 2014. Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/15 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2015

- Styret la fram budsjett for 2015, og orienterte om naudsynte gjeremål og planar.

Årsmøtet vedtok budsjettet og tok orienteringa til vitande.



Sak 07/15 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Harald Sætre (styreleiar), Steinar Skoge (kinoansvarleg), Ole Christian Grønnevik (teknisk.) og Margunn Rekdal (kjøken/utstyr) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2015.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller på dette :
Attval : Harald Sætre, Steinar Skoge.
Attval for 1 år : Ole Christian Grønnevik
Nytt medlem : Stine Brune Lillebø

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga. Styret for 2015 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

Styreleiar :	Harald Sætre	2 år
Økonomiansvarleg :	Toril Merete Urkedal	1 år
Styremedlem :	Stine Brune Lillebø	2 år
Styremedlem :	Ole Christian Grønnevik	1 år
Styremedlem :	Steinar Skoge	2 år
Styremedlem :	Bjarte Rovde	1 år
Styremedlem :	Lisa Iversen	1 år


Sak 08/15 : Val av valnemd for 2015

Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2016 utgjer ny valnemd : Toril Merete Urkedal, Ole Christian Grønnevik., Bjarte Rovde og Lisa Iversen.

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2016.

Sak 09/15 : Val av revisor


Jarle Gunnarstein vart samrøystes attvald som revisor.



Sak 10/15 : Innkomne saker

Styret har arbeidd med planar for oppussing og tilbygg. 2 alternative tilbygg er til vurdering : eit stort og eit lite. Årsmøtet oppmoda styret om å arbeide vidare med alternativa, for presentasjon når alternativa er utgreidde. Det same gjeld oppussing av sal og gang

Årsmøtet vart avslutta kl. 2030


ordstyrar


medunderskrift

